



DIREKTIV TIL DISTRIKTSSTYRER OG LAGSSTYRER OM ØKONOMIARBEIDET:

1. Minste kontingentsats pr. halvår er kr. 150. Kwart medlem må etter diskusjon og etter økonomisk evne betale så høg kontingent til NKS som mulig. Laga bør ha som målsetting å betale kr. 300 pr. medlem pr. semester.
2. Kontingenten blir betalt forskotsvis i byrjinga av semestret. Kontingenten skal vere samla inn og gjort opp i styra før 15/2 i vårsemesteret og før 1/10 i haustsemesteret.
3. Økonomiarbeidet og diskusjon om kontingenten må takast opp som eit punkt på eit lagsmøte heilt i byrjinga av semesteret. Laga bør ha ein økonomiansvarleg som må gå i spissen for å mobilisere medlemmane på betydninga av økonomiarbeidet, ha ansvaret for inn-driving av kontingent og må følge opp kvar enkelt i laget. Ho/han må også diskutere kontingenten med nye medlemmer med ein gong dei er organisert.
4. Distriktsstyra og laga nyttar ein del av kontingenten til å dekke sine eigne utgifter. Kor stor prosent av kontingenten DSa og laga skal nytte lokalt må reknast ut på grunnlag av eit budsjett over dei utgifter de reknar med å få. Dette budsjettet må settast opp i samråd med partiet. Ikkje i noko tilfelle har DSa og laga høve til å nytte meir enn 40 % av den totale kontingenten.  
Alle budsjett må sendast til sentralstyret og må seinast leverast saman med kontingent-innbetalinga i byrjinga av semesteret.  
Den trekkprosenten som blir fastsett vil vere bindanda intil noko anna er avtalt. Dersom DS og laga seinare ønskjer ein høgare prosentsats av kontingent nytta lokalt må det settast opp nytt budsjett og søkast på nytt.
5. Kontingenten skal normalt betalast gjennom partiet dersom ikkje nokon annan innbetalingsmåte er avtalt.

Grunngjeving.

NKS er ein sjølberga organisasjon. I motsetning til alle borgarlege og revisjonistiske organisasjonar som lever på pengar frå borgarskapet sin stat, sef vi det som eit prinsipp å vera sjølberga. Vår økonomi er avhengig først og fremst av medlemmane sjølve.

Men dette stiller krav til økonomiarbeidet vårt. Vi må legge vekt på den politiske mobiliseringa. Dersom økonomiarbeidet blir ei rutineoppgåve utan politisk diskusjon og mobilisering og i steden blir drive på byråkratisk vis, er ikkje dette berre eit trugsmål mot økonomien vår, men mot all vår verksemd. Ein god og sunn økonomi kjem altså ikkje av seg sjølv, men berre gjennom politiske diskusjonar på betydninga av dette arbeidet og ved at alle lag og medlemmer planlegger økonomien sin utifrå dette.

Derfor er det viktig at laga diskuterar kontingenten og økonomiarbeidet kollektivt, og at økonomi-ansvarleg følger opp kvar enkelt.

Som dere ser er det sett ei målsetting på 300 kr. for kvar enkelt i gjennomsnitt kvart semester. Dette må til for at forbundet skal kunne dekke alle sine utgifter. Samstundes har vi sett ein minstesats på kr. 150. Grunnen er sjølvsagt at den økonomiske evna varierer og dersom vi berre hadde ein sats på 300 vill det vere umulig for kameratar med liten økonomisk evne å vere medlem av forbundet. Derfor seier vi at alle skal betale 150 kr. og at laga må sjå det som ei kampaoppgave å betale så høg kontingent som dei evner.

Ordinga med kvartalsvis betaling har vist seg å vere upraktisk og byråkratisk både for sentralen og for laga. Mange lag har teke konsekvensen av dette og har praktisert semestervis betaling ei tid.

Som dere vil sjå av direktivet vil det no bli mulig å nytte ein større del av kontingenten lokalt. Dette har samanhang med omorganiseringa i NKS leinga og at DS og laga difor no i større grad enn før lagar eigne planar, gjev ut meir lokal intern og ekstern propaganda osv.

Nokre kameratar har lurt på hva omorganiseringa betyr for økonomiarbeidet i NKS. Det har blitt stilt spørsmål om hva utgifter sentralen har og om medlemmane i det heile tatt treng å betale kontingent til sentralen.

Til dette er det å seie:

Omorganiseringa betyr at sentralen på nokre område vil få mindre utgifter. Dette gjeld særleg reiseverksemda og propagandaen, men framleis er dette viktige utgiftspostar. Andre utgifter er i hovudsak som før; produksjon av internmateriell, kontorleige og diverse kontorutgifter, sentrale møter og div. fraksjonsmøter. I tillegg har HMG gått med underskot ei tid og har difor vore ein utgiftspost for NKS. I vårsemesteret vil vi dessutan få ein del store ekstraavgifter, bla. utgjevinga av eit IK-hefte.

Men dette betyr ikkje at forbundet som heilskap får mindre utgifter. Dsa og laga vil no ha større behov enn før for å gje ut lokal propaganda internt og eksternt. Dette er ei følge av at Dsa og laga i samråd med partiet i større grad enn før legg sine eigne planer.

Dette stiller også store krav til økonomi-arbeidet lokalt. Det er viktig at kameratane arbeider vitenskapleg med å sette opp budsjett. Ver på vakt mot alle tendensar til pragmatisme og eventyrpolitikk i økonomiarbeidet. Det er viktig at dette arbeidet ikkje blir delegert bort til ein kamerat, men at heile stgrøðthar styret kollektivt har hovedansvaret.

SENTRALSTYRETS AU.